



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato  
02.03.2018  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2018/334 611  
Dykkar referanse  
«REF»

Til etatsleiare for barnehage

### **Invitasjon til samling for kommunen som barnehagemyndigheit - Solstrand 24. - 25. mai 2018**

Fylkesmannen v/utdanningsavdelinga inviterer kommunane i Hordaland til samling for barnehagemyndigheiten på Solstrand 24. – 25. mai. Samlinga startar med lunsj kl. 12.00 den 24. mai, og avsluttast med lunsj 25. mai.

**Det blir ikkje kravd kursavgift, men opphald og overnatting må deltakarane dekke sjølve.**

Målgruppa for samlinga er kommunalsjefar/ansvarlege for barnehagemynda i kommunen, og invitasjonen gjeld berre desse.

Tema for samlinga er i år, som tidlegare, kommunen si rolle som barnehagemynde. Kommunen som barnehagemynde står ovanfor mange utfordringar og sektoren endrast raskt. På årets samling vil vi spesielt trekke fram kommunen sin styring av sektoren, tilsyn, regional kompetansestrategi og barnehagemyndigheiten sin rolle for å sikre eit godt og trygt barnehagemiljø. Det vil som tidlegare bli satt av god tid til diskusjon og refleksjon.

Frå 2019 vil Fylkesmannen i Hordaland inngå i eit nytt embete saman med Fylkesmannen i Sogn og fjordane. Dette vil medføre nye samarbeidsformer med kommunane. Avslutningsvis på samlinga skal vi informere om det nye embetet, og forventa konsekvensar for dei etablerte kontaktpunkta med kommunane i Hordaland.

Sidan denne samlinga berre rettar seg mot ei konkret målgruppe, blir ikkje invitasjon og påmelding lagt ut på heimesidene til Fylkesmannen.

Påmelding skjer pr. e-post til [fmhomsv@fylkesmannen.no](mailto:fmhomsv@fylkesmannen.no). Dei som ikkje skal overnatte eller vere med på middagen, må melde frå om dette.

Spørsmål om samlinga kan rettast til Anne Hjermann, 55 57 22 75 eller Marianne Svege 55 57 22 55.

Program for samlinga er lagt ved.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Marianne Svege  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*